

M Å N

I Frafjorddalen

Soga om dei som har butt der.



AV

Gudtorm Mikkelson

Espedal 1975

Føreord I

Det er no kring 60 år sidan dei to siste huslydane flytte frå Mån – for gådt. Seinare har det aldri vore fast busetjing på denne garden.

Tidlegare har det vore skrive litt om garden – Peter Rolfsen skreiv «Maaen = slegten og Frafjordalens opsiddere 1600/1840» i 1928. Elles har der vore skrive artiklar i dagspressa fram gjennom åra.

Grunnen til at dette vert skrive er at det var tid no til å samla det det er råd av både historie, tradisjon og kjeldemateriale om denne garden.

Endå lever der nokre få menneske som er fødde og oppvaksne der inne på den einsleg liggjande fjellgarden.

Espedal, i okt. 1975

Gudtorm Mikkelson

Forord II

Undertegnede mottok for mange år siden et håndskrevet manus. Planen har vært å få det skrevet inn på maskin og innbundet. Tiden har gått, men nå er det gjennomført. Språket i manuset er ikke modernisert, kun justert for feil. Mye av det som er beskrevet, spesielt om personer, finnes også i bygdaboken Gjesdal I, indre del. Den er utarbeidet i sammen med Guttorm Mikkelson.

Ålgård 31. august 2017

Harald Kommedal

Innleiing.

Frå langt tilbake, i ei ukjent fortid var leida inn Høgsfjorden – i båten, og så botna fjorden inne i fjorden, den tidlegare vart kalla Fragafjord.

Lenge no har det vore sagt Frafjord, og med den slette dalbotnen tok ein seg så innover, og oppover, det vart ein mils lengd vegen fram til Mån.

Høge fjell omgjev dalen med den flate moen der menneske for lenge sidan fann seg bustad.

I dag er det slutt på sjøvegen inn til Frafjord – veien over fjellet har gjort at dalen har kome nærmare andre, og like til Eikeskog kan me køyra bilen. Vegen dertil kom i 1924. Vidare ha det vore den gamle gongevegen inn dalen frå Eikeskog, og opp den bratte uføre Kleivå.

Her har butt folk lenge, frå ein fjern fortid, gjerne frå folkevandringstida. Det må ha vore eit vidfemnande landnåm i den tida.

Om det lenge har vore to bruk med folk i arbeid for livs opphald på Mån veit me lite om før 1675 – då var Mån delt mellom to brukarar. Garden har vore veldyrka, den flate marka ligg fint til med lett sandblanda moldjord.

Garden og dalen.

Garden ligg om lag 1 mil frå fjorden, og den ligg 300 meter over havet. Høge fjell kransar dalen der garden ligg frampå sletta som endar 500m lenger i sørvest på et mest hundre meter høgt stup. Her renn elva Måna ned fjelljuvet og utgjer her den kjende, flotte Månafossen. Dalen innanfor garden går vidare mot nordaust og dalbotnen vert stengd av moreneryggen framfor Månavatn – det ligg 1,5 km innanfor garden.

Nordsida av dalen rett i nord for garden utgjer slette, skogberre berg og fjellstup – lenger inn, mot Månavatn tek skogen til, og her veks det i dag stor gamal skog, det meste bjørk, men og noko selja, osp og raun. På same sida som garden ligg finst det ikkje nemnande skog, bortsett i bakkane nærast fjellfoten. Lenger inne går brattfjellet mest ned i dalen. Innmed Månavatn ligg store urder, og svære steinhaugar hopar seg innanfor vatnet – like til Fidjarvatn.

Garden Mån eig inn til Fidjarvatn; like til høgdedraget innanfor Høgestødl som var garden sin sumarstøl frå gamalt.

Med dei høge fjella nære innpå kjem sola tidleg bort som hausten, og kjem ikkje att før det lid langt på vinteren. Hela (rimet) kan vera leit alt i september.

Med kornet kunne det vera så ymse. Sume år slo til som krun-år, andre kunne vera reint ringe for kornet. I så måte vart det lite med kornet i 1836 og den tid for Mån. Ein våt og kjøleg sumar, og frosten kom tidleg. Men likevel var det høyet som var det viktigaste produktet som haustast. Både heime på bøane, i markene utangjerdes, inne på stølen, overalt der det var noko til å slå var det med ljàen. Inn mot Fidjarvatn vart og slått.

Utslåtten, i skog og i fjellmarker – den var viktig og avgjerande for kor mykje vinterfor bruket kunne fø. Det vart rekna 3 høysekker til sauen i vinterfor, og det gjekk 6 sauer på ei ku. Kyrne fekk og høy frå stølslega og skogslåttar, men seinaste tida dei budde og dreiv dei to bruka vart det helst heimehøyet til kyrne. Smalen fora dei med «markahøy» som det har vore kalla overalt i Høgsfjord.

Der høyrde kvernar til bruka, ca. 2-300 meter innanfor husa låg dei. Dei mol kornet der som elles. Der står i takseringa for Jordavgifta 1803 «Qværnebrug, hvorpaa formales det kjøbte korn der forbruges».

Jordeple og nepa vart dyrka, og dei hadde ein liten bærhage attmed husa, det var rips og solbær. Eit par kirsebærtre hadde dei, og endå til det siste har de stande, men kirsebæra vart stort ikkje mogne, har dei som vakse opp der fortalt.

Elva som renn forbi er stor, og vanleg for stor til vassa eller koma over på annan vis. Slik har det vore at det tidleg, vart lagd bru over juvet, og denne måtte haldast i god stand om ho skulle vera trygg til å gå over. Frå langt tilbake hadde dei vad over elva innanfor der det er sandstrender på både sider – over det vart dei kalla Eykjasvae. Men det har vore seinare, kva tid er ikkje godt til veta, at bru har vorte lagd over juvet. Det måtte store, lange stokkar til rekkja over så desse måtte koma nedanfrå. Når så det leid av ein tid laut der vedlikehald til. Etter at dei to siste konene som var systrer vart enkjer fekk dei hjelp av heradet til brua, heradsstyremøte 24. juni 1895 løyver til «De nødvendige udgifter til materialer og opsætning af Broen samt lidt minering i Fjeldet bæres av Herredskassen».

Jorda vart dyrka , og dei to mennene – dei siste Anas Erikson Eikeskog og Halvard Pederson Østabø søkte jorddyrking premielån mars 1901. Det er flat og turlendt jord, og både desse hadde tru på at Mån kunne ha framtida for seg som gard.

Så langt det var frå den øvre bygda nede i dalen (det er Brådland – Kommedal – Håland – Molaug) vart det lang skuleveg. Frå tidlegare hadde det vore vanleg at dei avsidesliggjande krinsar eller gardar fekk nokre skuleveker om vinteren. Ein annan måte å koma slike gardar til hjelp på var å gjeva dei ei årleg godtgjering «for lang og besværlig skuleveg», som det heter i framlegget frå skulestyret 12. sept. 1894 – det gjeld ei løyving for året på 12 kroner til Anas Moen for «et fatligt barn» (Dette barnet var Elen Berteas Svensdtr. Espedal, ho kom til Mån før 1894 og var der til ut på vinteren 1897.)

I 1898 gjeld det «3 Ugers Skole», det er føre i skulestyremøte 27. des 1898, så dette galdt vinterskule. Det var lang veg til å gå ned til Brådland- Kommedal der skulehuset stod. Det var betre tidlegare då der ikkje var skulehus for då hadde dei omgangsskule, og då fall det skule på Eikeskog, og det var nærmare for dei oventil.

Før 1870 eller så budde det ein huslyd på Fed. Dei aller siste åra var det ein frå Eikeskog, Maurits Torbjørnson som budde der nokre få år. Han vart kalla «Måvres Fed». Bertil T. Kommedal skriv i si «Kommedals saga» at den siste

som budde på Fed – han var ugift då, kunne ikkje få noko hushalderske til stansa der inne. Dei ville ikkje vera så langt frå anna folk. Difor laut han gjeva opp. Han flytta så til Hinna ved Stavanger.

Seinare, gjekk dei på skolen like nede i Kommedal. Det var lang veg, det til gå vintersdag, om morgonen i mørkna og ned dei bratte liene – på tresko. Det var ikkje snakk om anna. Men, dei var spræke til gå – Jon Helland, Bjerkreim fortalde at han var der kring 1903, trudde han det var, då skulle han til Mån, det var hausten og han fekk fylgje med ei skulegjenta frå Kommedal som skulle heim. Ho var kjend på vegen og han fylgde. Han hadde fått med noko som skulle vera barselgåve. Ein av konene hadde fått barn, og så vart dette sendt med Jon Helland. Han minnest det at den 13 - 14 års gamle gjenta var sprek og lett på foten. Ho skunda på og stunda heim for ingen stad var som der.

Garden i skriflege kjelder.

Fyrste oppsitjar som er nemnd på Mån er ein Ånon eller Ådne, 1600 – 1632.

Etter han kjem sonen Knut Ånonson 1633 – 60. Ånon – namnet kan ha kome austanfrå – frå Setesdal, då det frå så langt me veit om har vore uttala Ådne i Høgsfjord.

Jordbrukarmanntalet (kontribusjonskattemanntal) i 1649 nemner Knud med penge ½ Rldr. «geistligheden lejer goedzit, och følger Bøkelen». Samstundes, i 1649 budde der ein Aslak på Fed med 18mrk. smør – begge er nemnde som «øddegaarden». På denne tida er det 2 oppsitjarar på Eikeskog, Torbjørn og Tjerand.

Skattemanntalet 1661 er og garden Mån nemnd under «ôddegaarden» -, pengar ½ Rldr. Thill staw: Pboell med B: Knud, Oelle. Garden låg under Stavanger prestebol.

Manntalet 1701 er og sparsamt med opplysningar. Ånon Knudson 61 år, har sonen Ola 22 år, tener på Tau («her i prestegjeldet»). Enkja Gittev (Gitle) Tronson 21 år fødd i Sirdal tenar (hjá enkja).

Det er merkeleg at ein gard som Mån har skylda si sett i pengar. Det galdt før revisjonen 1664. Den gamle mellomalderskylda har då vore utrekna i månasmatabol – truleg 2 mm.bol for Måns vedkomande.

Matrikkelutkastet 1723 nemner ann Mån:

50. Moen, Penge ½ rdlr. Fieldgaard har brend ved og ellers ingen herlighed. Tollef Torsen bruger 3 spd. Saar 1 ¼ tdr. afler 4, føder 5 Nøed, 16 Smaler, Aanen Knudsen ligesaa.

Den neste kjelda om garden kjem så i 1735. Det er Fogdekasseboka (for Ryfylke) Moen, skylder penge 2 ort. Tilhører Stavanger Prestebol.

Leiglendingsskatt	3 ort
Provieringsskatt	12 skill
Munderingspenger	12 skill
Leidangspengar	
Smør 4 mrk.	12 skill.

Sjælemanntalet 1758:

Gaarden Maan En opsidder

Halver Erikson med hustru Aase 2de b.: Siri og Tollef. En pige Guren. Husmand Vermund med hustru Ingeborg haver 2 børn: Engelbret og Berete.

Manntall 1801:

Erik Halvarson 40, bonde og gardbruger, Kone Gunnhild Ådnesdr. 38. Barn: Peder 15, Halvar 11, Siri 19, Gunnhild 8 år.

Ole Tollefson 2, hans brodersønn almisselem.

Tjenere: Ole Ellefsen 26, Berta Olsdr. 25 år.

Det ser ut til det berre er ein brukar på Mån 1801. Meir om dette vil koma fram om dette i avsnittet om dei som har butt på garden.

I 1802 – 03 var det taksering av gardane for ein revidering av jordavgifta. Mån vart taksert slik:

Nº 50 Moen, Erich Halvorsen, har byxlet, udsaar 1 ½ tdr. avler vel stundom noget Korn men som oftest kommer ike pleelen paa det, da det kun er at andsee som Halm, føder 4 Kiôr, 1 Ungnôd, 20 Faar og Gieder, har Brandsel, Sommerbede, Qvarnebrug, hvorpaa formales det kiøbte korn der forbruges, denne Gaard ligger henimod den næsteforegaaende (det er Fed); andsettes for 40 rd.

Matrikulerings Kommisjonen 1819 – 30.

Moen, matr. nr. 50, løpenr. 8

Nuhavende skyld	Besidder	Sammenlign. Tall
9 mark	Erik Halvorson	4
9 mark	Peder Erikson	4

Matrikkelen 1886:

Gardsnr. 61 Mån.

Løbenr. 152. brnr. 1.	Åsel Sigbjørnson	Gammal skyld 4 ort 3 skill Ny skyld 0.94 mrk.
-----------------------	------------------	--

Løbenr. 153 brnr. 2.	Annas Erikson	Gammel skyld 4 ort 4 skill. Ny skyld 0.94 mrk.
----------------------	---------------	---

Matrikkelen 1906:

		Skyld
Brnr. 1.	Halvard Pederssons enke	94 øre
Brnr. 2.	Annas Eriksons enke	94 øre

Naturens luner – ulukkehendingar.

Med ein slik natur nære innpå seg, det skal mykje til om ikkje noko set merke etter seg. Dette kan gjelda både sumar og vinter. Nysnô i dei vide heiane innanføre, brått omslag til mildere med stridregn har gjort skade i slike dalar, jord vert riven vekk og bru kan verta sopa med i villt flog mot fjorden.

Verre kan snøen vera i svære mengder. Den gamle Månagarden var bygd med husa sine mykje lenger ute, nærare brua, under den slette bakken der det kallast Austmannsvegjen. Endå syner det viser etter kor husa stod.

Snøskrida på Mån i 1754.

Etter folketradisjonen tok snørasa husa med over elva og opp ein motebakke der. Berre eitt einaste menneske slapp frå og verta nedgraven i snøen.

Her er teke med det klokkar Hans Schmith har notert i dagboka si (etter sitat frå Ericksen i «Stavanger historie».)

« - I Aaret 1754 den 1ste April Faldt her og omkring Stavanger saa megen sne. Paa et Fjeld i Høle Sogn faldt den ned dagen efter og nedbrød gaarden Maaen, som laa under Fjeldet, hvorved Menneskjer og Creature blev dreebte, dels ilde beskadiget. Manden Ole laa under Sneen fra Tirsdag til Lôverdag, da han enda fandtes levende og kunde leve nogle uger efter».

Det har ikkje vore råd og funne noko til denne huslyden etter denne tida. Segna seier at ei gjenta sprang mesta naken på veg ned til Eikeskog, men henne fann dei død innmed Månabekken – det er den som kjem ned frå nord og renn over vegen nedføre Kleivå.

Dei fann denne gjenta, på Eikeskog, og dei skjønna at ei fæl ulukka hadde hendt på Mån. På Mån var det stilt, berre små kvink. Dei grov fyrst fram kona med ein barn i fanget. Mora var død, men barnet levde. Seinare fann dei mannen, som levde nokre dagar etter. Han låg fastklemd under ein løestokk.

Etter dette hendet flytta dei husa inn på bakkehallet der dei har stande til no. Om der hadde vore buande oppsitjar veit me ingen ting om, men der fann dei ein tryggare stad der inga snøras kunne ta dei.

Lenger fram i tida – snôrôsene kan nok koma med vill fart, men ingen er meir der under. Det er truleg at garden vart bygd på nytt straks etter. Berre 4 år

etter, i 1758 er det ein oppsitjar – forutan ein husmann. Dei har mykje rimeleg butt attmed kvarandre.

Naturen er hard, og den kan taka endå meir, om det er lenge mellom kvar gong han grip inn, Storemannen.

Det var ulendt og vondt til koma fram, og vassdrag og vatn var og farlege, men det gjekk no helst godt. Ein dreng på Mån (ikkje namn) 23 år gamal drukna i Molaugvatnet, jonsokdagen 1707.

Den siste ulukka bar til på føre sumaren 1904. Hallvard Østabø, den eine Månakaren hadde vore på Molaug etter eit bord han hadde kjøpt der. Det var i vårflaumen, og elva var stor. Inga bru var der, og han tok då over med ôykjen og klova eit stykke innføre. Eikeskog – garden. På ein eller annan måte har det bore slik til at han miste festet, hesten snubla litt har vore sagt, og der fall han av. Hesten kom straks over med bordet, men Hallvard rek ned gjennom den store stride elva. Dei kasta ut tog på Eikeskog, men då har det nok vore for seint. Han vart åtfunnen vel 3 veker etterpå, gravlagd 17. juli s.a. Det var Emil Eikeskog som fann han, han var med elva og fiska. Han var berre 11 – 12 år då.

Stadnamn

Sjølve gardsnamnet, Mån er eit rart namn – på ein gard. Det har vore nemnt fjellet ovan i sør som skulle ha gjeve garden namne. Magnus Olsen nemner eit ord «mon f. manke (paa Heste), som ofte findes brugt som navn på smale, langstrakte høider, og der igjennom er gaaet over til gaardnavn». Uttalen har vore og er Måèn, og det må vera den bundne forma, hokyn i dativ.

Men menneska har vore opptekne av det nærmaste, og det er spørsmål om ikkje namnet lolkaliserar seg til sjølve staden der husa i dag står. Denne langstrakte smale bakkekant høver godt med det svaret Magnus Olsen gjev. Denne «langstrakte hôide» er ein avsetning frå istida, ein brem som har vorte att etter alle veldige vassmassar og is har brote på og skura ned mot sjøen.

Jorda kringom er steinfri, og moldrik, med torvmyrar. Bøgarden, den indre var frå tidlegare lagd opp av torv. Innmed denne hadde dei ei ekra, Torvgarsegrå.

Nedmed elva kan ein sjå gongesteinane, de vart kalla Åsteinane. Her har det vore ein gamal ferdsleveg over til nordsida, og gjerne vore den veggen dei ferdest nedover dalen.

Endå finst ein del stadnamn, men det er lite av gamle namn, frå gamalnorsk tid, mesta ikkje anna då enn sjølve gardsnamnet. Dei sa innmed Kvednhuså – det er ca 4-500 meter innføre garden. Men før dei kom så langt måtte de forbi Kleivå, det er den elva renn like bort under berget.

Så var det heimre stølen, eller beine Stødl'n. Bortføre Stødl'n i det lågaste heitte det Dokkjå. Ikkje langt derifrå var det Hauane.

Vegen ned til Eikeskog hadde og si kleiv berre «Kleivå» Kalla.

På sørsida var Seljeråsheiå og litt lenger ute ligg Månamyrå med Gråtoknuden og innmed stølen, på nordfjellet står Skjeraknuden.

Det har vore ikkje så lite skifte på dei som har butt her, så stadnamna har kome bort, jo, nye har kome til, mykje menneska hadde til gjera kringom i fjellmarkene i farne tider.

Utanfor ligg Austmannsvegen, og innmed vatnet, på nordsida kalla dei det Liå.

Folkeliv og arbeidsliv.

Dalen og garden ber endå minner om eit arbeidsliv som er så heilt ulikt det me er vane med. Og denne garden vart så tidleg fråflytta – så dess meir har kome bort.

Men, dei siste som budde her – dei som endå var i sin barndom og fyrste ungdom, dei hugsar alt så sværande godt. Om korleis de skipa seg i arbeid, både sumar og vinter. Om når dei var innmed Kvednhuså og slipte ljåane (vanleg sagt jeed'no). Dei slo med langorv, og stutturvet vart bruka på markaslåtten. Det å slipa, det måtte dei tidleg gjera dei som var berre unggutar dei siste åra der levde folk.

Dei slo graset i Dokkjå og høya det inn i løene der. Dei var oppsette av reisverk, med risveggen, og never og torv på takene. Høyet stappa dei i sekkjer og kjørde heim på småforet når det leid utpå vinteren. Innmed Hauane stekte de høyet, og dette vart og kjørt heim når det var sledeføre.

Om vintrane hadde det alltid vore vanleg til sett snårer etter rjupa. Peder Østebø fortel at dei som var vaksne, bror hans, Tore var innover lidane innføre stølen og sette, og kunne få 15 – 20 ryper på ein dag. Dei hadde då fått messingtråd til snåren.

Sjølv fortalde Peder (fødd på Mån 1903 at han det meste hadde fått 5 ryper på ein dag. Dei bar så fangsten ned til Frafjord der Kristian Haaland som var handelsmann tok imot dei og ordna oppgjerd for fuglen som vart sendt til byen (Stavanger) gjerne då til Ole Dale eller Guttorm Andersen.

Når det leid fram til jonsoktider reiv dei bork innpå Lia. Den selde dei til ein Børresen i Søre gata. Nevra la dei i fang som det heitte og måtte bruka sjølve til vedlikehaldet av taket.

Når dei låg i stølen om sumaren, låg dei med natta, det var på den indre stølen Høgestødel. Dei gjekk mykje inn over om kvelden og mjølka, låg med natta, mjølka og gjekk heim etterpå. Det er lang veg, over eit par timars gange. Stødl'n ligg halvveges. Dei hadde pram i Månavatnet og rodde. Der var så ulendt til gå stranda, og så måtte dei over elva etterpå.

På stølen slo dei ikkje, i den tida kyrne var der, bar dei mjølka heim, for der var lite med hus til liggja der. Når dei slo kunne dei få turka noko og bera opp til ein stor heller der det var lagleg til liggja. Dette hadde dei bruka før og. Men då har det vel vore betre stølshus. Murane syner endå, og det er den vanlege grunnflata som er her som elles i dalane her i Høgsfjord.

På føresumrane skar dei torv, det er ei myr innanfor bøgarden noko oppi, og her låg svære forerøder nedi. Det trongs mykje brenne i tida, tale om anna enn ved og torv var det ikkje. Dei hadde kjellar under huset dei siste med mura bakaromn av stein. De vart det steikt ognakaga, og den tykte dei var så gode. (Peder tenkjer attende, og lever i si rike minneverd dei gilde barne dagar om att på Mån med dei andre gardens menneske med mora som det samlande midtpunkt. Det var far hans som miste livet i elva 1904 då han var årsgamal).

Det hadde ikkje vore bertre og frukttre nokon gong på garden. Men Tore kom med eit lite kirsebærtre han hadde fått av Gabriel Frafjord. Det blømde og sette ber, men dei vart aldri modne. Det måtte ha vore for høgt på Mån.

I alle tider hadde dei bore vatnet or elva det var Hallvard frå Østabø som grov ein brun i kjellaren, men det vart for mykje rust i vatnet så dei kunne ikkje bruka det. Dei laut til å bera or elva att. Bar på vassel med trebøtter.

Kålrabi dyrka dei, og de vart halmkoka i brunngryta. Tidlegare, før kålrota var det ei slag nepa som vart dyrka, og denne vart lagt i halm og koka.

I dei eldre husa, utan kjellar hadde dei gruva i kjøkken, det var det rommet som då det sto som eige hus heitte eldhus. På kjøkna i dei gamle Månahusa var det steinheller på golvet.

I 1890 eller så var det spørsmål om kven som skulle ha det eine bruket. Peder Åselson som var fødd 1857 var gift med ei frå Brådland og ho ville ikkje flytta til Mån. På same tida levde ein ungar på Østabø, han Halvard der var ein driftig og flink kar, interessert i gardsdrift, og rekna med å verta verande på heimegarden. Han vart gift i slutten av 1880 – åra og dei fekk 3 gjenter på Østabø. Men så gjorde eldste broren hans krav på garden, og Halvard for då ut til Godalen. Kona hadde syskin der frå før og han skulle få jord der. Men Halvard treivst ikkje der ute, og så vart det til det at han og Per Mån skulle gjera makebyte. Slik vart det til at desse byte bruk, og Halvard og Inger kom til Mån kring 1893 med dei tri døtrene, og vart der på bruket. For Halvard vart det for alltid – den stutte tida han fekk, og for Inger vart det nokre og tjuge år, I truge strev og mykje sut og sagn. Det må me kunna skjønna lite grand av.

Før – da det budde folk på Fed var det vanleg at når dei skulle anten nedover eller innover til garden, då overnatta Fidjafolket på Mån det er så smal og ulendt ein gangeveg til Fed. Det er dryge 3 timars gang mellom Mån og Fed.

Dei hadde lang veg på Mån, ikkje berre til næmaste granne som var Eikeskog, Bådland og Fed, men og til kyrkje. Til Dirdal var det langt, og endå lenger til Fossand og Høle. Det var lang dal til fara. Det vart til bruka føtene kor dei så vende seg. Varer dei skulle selja, så som smør og ost måtte dei ta med på ryggen, ned dalen til byen – seinare når det kom handelsmann i Frafjord vart det dertil. Ull måtte dei kløvja ned dei bratte kleivane. Eller dei bar og den.

Det var ufyse på Mån har vorte sagt når sørausten tok til. Då turka torva opp på hustaka, og då var det stor fare på ferde. Februar 1915, det hadde blese ein fæl vind, og han auka på til storm, og det var laurdag 6. februar då var torva så turr og lett at eit hardt stormast tok mest tredjeparten av torv og tak og sende det i marka. (Rygja Tidend 11. februar 1915). Dette var hjå Inger Mån. I same bladet – i same oppsettet vart det nemnt at reven har våre nærsøkjen på Mån. Den ville m.a. sjå om Tore hadde børsa ferdig. Tore var 21 år då.

På denne tid hadde dei vinterskule, 3 veker skule kvar dag. Dei var nokre born og lang veg det var til Kommedal, vel ein times gong så hadde der lenge vore ordna med vinterskule på Mån. Der hadde dei vore i den tid der var skuleborn på Fed og. Dei kom då til Mån. Skriv frå skulestyret i møte 27. des. 1898

løyvde til det som trongst til vinterskule på 3 ukar på Mån. Og skulestova var i nya stova hans Halvard.

Elles så kunne dei få godgjerdsla for «lang og besværlig vei» som det heitte. Anas Erikson fekk kr. 12 for det i 1894, det galdt systerdottera hans Elen Berteas Svendsdr. Espedal. Ho hadde nyss vorte farlaus og kom til Mån før jul 1894, og der var ho til ut på vinteren i 1897.

Det sista var Endre (Ivarson) Mjåland lærar i krinsen, og han heldt og skule på Mån. Han gjekk opp frå Kommedal om morgonen og ned att etter skulen var slutt. Han var ein svært avholden og flink ung lærar. Han var lærar ikkje så få år i Frafjord. Han var fødd 1886 var gift, og døydde i spanskå 2. januar 1919 i Frafjord. (Kommedal).

*

Det har før vore nemnt om vokstrar og eng. Men åker har dei og hatt. Om det ikkje var like bra avling kvart år, så hadde dei kvern dei mol på. Denne stod til over 1900, ut i dei fyste åra. Dei kjøpte korn og som var vanleg tidlegare og mol sjølv. Men det sista vart det lite med kornavling. Jorda er temmeleg fri for stein, men ho er noko vass-sjuk så veiting hadde trongest.

Dei store ospetrea var gamle, hadde stanne der lenge, men så slo lynet ned i det eine. Desse hadde vore planta visstnok for over 100 år sidan (1975). Kven det er som har planta dei veit ingen no.

Etter at dei flytta vart det ein huset som då var ringt rive ned av dei på Eikeskog – det var eit par etter og teke ned dertil. Dei heldt på med husvøla der. Dei hadde rive ned dei gamle husa på garden der Maurits Torbjørnson var den siste av den ættgreina. Der i det andre huset, nede i kjellaren hadde dei ei stor omnsplata, og den stod årstalet 1734 på. Hella må truleg ha vorte bruka til turkehella for kornet, det måtte turkast før dei for på kverna med det. Elles måtte dei turka maltet, før det skulle grøbjast som det vart kalla.

Dei fiska småfisk, aure i elva, og den vart steikt, eller koka. Det var gildt, det å gå langs elva innover med fiskestong, og få tre den eine auren etter den andre ned på honkja. Dei har drive på med det dei som har butt der, både gutungar og i vaksen alder. Det vart sjølvsgagt mykje for lang veg til fara ned dalen og i sjøen og fiska.

Bøane heime slo dei med langorvsljåen. Det vart ingen slåmaskin på Mån. Endå syner bra tydeleg heimebøen, reinar og der det endåtil sist var åker.

Dei heldt seg med høy sjølv, og det var uråd og få høy opp nedantil dalen.
Jorda gav det graset dei trong til høy. Det var heller store buskapar på begge
bruka like til det siste.

Gards- og ættesoger.

Det har vore nemnt Mån først på 1600 – talet . Men om folket har døytt ut under tidlegare sotter (Svartedauden), eller det kan og ha vore ei viss fråflytting som har gjort seg gjeldande på 1300 – 1400 så har det nok butt fast lenge før 1600. Den første Ånon me veit om av namn, veit me ingenting om. Kor han kom frå, og kor han ætta frå. Sonen hans Knud Ånonson vert nemnd etter han 1645 med kona og «1 dreng og 1 pige» som der står på Fed budde der på same tid ein Aslak, Aslak Knudson. Om desse to som sat mila frå einannan var brør veit me ikkje, men romsleg må dei ha hatt det. Og me vil tru at dei har hatt eit godt tilhøve åt kvarandre. På Eikeskog var to oppsitjarar, Reidar og Tjerand på same tida (1645).

Den same Knud set på Mån 1649, og garden har utgjort eitt bruk. Denne garden tilhørde Stavanger prestebol og var soleis eit kyrkjegods. 1649 utgjorde bruket i pengar ½ daler og i smør 2 pund og korn ½ vett.

1701 er nemnd Ånon Knudson, han var då ein mann på 61 år, og Ola Ånonson 22 år, som me må rekna med var sonen. Han var som før nemnt dreng på Tau. Det ser ut for at her må truleg vera slektskap mellom sume gardar i Strand og Mån.

Det er heller grisgrendt i dalen – det hadde det alltid vore, langt der var mellom kvar bunde gard. På Fed var eitt bruk 1701, og berre 2 mann er talde med; Anstein Nilsson 41 år og stesonen, Simon Pederson 18 år. (Kvinner og gjenteborn er ikkje medrekna i 1701 – manntalet).

I 1723 er det 2 bruk på garden. Tolleiv Toreson. Men forut dette året - desember 1702 er ei enkja på Mån gift med soldaten Tolleiv Toreson, skriven til Mån. (det var ein ærefull tittel, det til vera soldat i dei tider!)

Enkja var Astri Knutsdtr. Ho døydde 15. april 1721 – som husmannskona. Kanskje me må rekna med eit husmansplass her på denne tida – slik som me seinare finn det i 1758.

Tolleiv Toreson gifter seg 2. gong 27. des. 1722 med Ingeborg Bjørnsdtr. Og bur på Mån.

Barna var:

- | | |
|---------------|------------------------|
| 1. Vemund | døpt 17. desember 1724 |
| 2. Marta | døpt 15. mars 1727 |
| 3. <u>Åsa</u> | døpt 29. januar 1730 |

Tolleiv var fødd ca 1680 og død ca 1731. Kona hans som då var enkja var frå Motland, fødd ca. 1695. Ho vart 2. gong gift med Morten Olson død 1746. Dei var vigde 29. juli 1732. Etter dei kom Ola Rasmusson Giljabrekkå, døpt 15. mars 1727, gift 31. mai 1744 med Marta Tolleivsdtr. Som nemnt ovanfor, f. 1727.

Ola og Marta sine born var:

- | | | | |
|------------|------|-------------------|-----------------|
| 1. Tolleiv | døpt | 14. november 1746 | Kom til Molaug. |
| 2. Morten | døpt | 15. mai 1749 | |
| 3. Kari | døpt | 25. april 1751 | |
| 4. Rasmus | døpt | 3. februar 1754 | |

Berre Tolleiv nemnt i sk. 6. mars 1769 etter Peder Motland, morbror åt Marit si mor Ingeborg. Det må kanskje vera rett til å tru at alle dei andre har kome bort i snørasa som før omskrive i 1754. Det litle barnet i kona sine armar kan ha vore nr. 4, Rasmus om nemnt ovanfor her. Det er kanskje her ute, under Austmannveggen husmannsplasset på Mån har vore, og garden har lege der inne han no ligg, som før.

På det andre bruket – 1723, bur Ånon Knudson. Han er gamal, fødd 1637, og han døde, vart gravlagd 27. desember det året, 90 år. Kven kom etter Ånon på dette bruket kan me studera på. Dette må ha vore det bruket som er nemnt med 1 «opsidder» i 1758. Det er ei Anna Knudsdtr. Fødd 1692, grl. 22 februar 1722, 30 år som vart gift 24. juni 1719 med ein Tore Tolleivson, og hadde ei dotter, Gurå, dp. 29. september 1718 2. gong vart Tore gift 17.10.1723 Gjøa Knudsdotter Kommedal. Dei hadde dottera Berit dp. 26. november 1724. Den fyste kona av Tore døde hastig, om natten. Seinare flytta denne huslyd til Lauvås.

I 1725, jonsokdagen gifter Ingebret Gunnarson Mån seg med Astrid Jakobsdtr. Levik, født 1702, grl. 26. mai 1782, 80 år. Dei må ha vore på husmannsplassen. Dei hadde 4 born, av desse levde 3 opp.

Borna var:

1. Ingeborg døypt 11. august 1726 meir om henne
2. Berete døypt 6. januar 1731
3. Berete døypt 18. oktober 1733 til Oanes
4. Elisabeth døypt 18. september 1729, til Fladebråd.

Eldste dottera hans Ingebret, Ingeborg kom til å verta verande på Fed. Ho vart gift 13. februar 1752 med Vermund Tolleivson føde på Østabø 6. august 1724 av foreldre ungdren Tolleiv Torbjørnson Ousdal (Sirdal) og gjenta Dagna Ommundsdr. Østabø.

Dei hadde to born på Mån i 1758, Ingebret, dp. 1. oktober 1752 som kom til Østabø. Han var fødd på Eikeskog, og så hadde dei dottera, Berit som vart gift med Øyestøl i Sirdal – ho var gift 8. juni 1778 til Knud Aslakson frå Øyestøl.

Utover i 1720 og 30- åra ser det ut till at det har vore Tolleiv Toreson og Ingeret Gunnarson som har sete på kvar sitt bruk med huslyda. På bruket etter Tolleiv kom versonen hans Ola Rasmusson Giljabrekkå og Marit. Dei var på den ytre garden som vart broten ned i snørasa 1754 som før nemnt. Det er truleg slik at husmannsplassen har lege ein annan stad sidan det berre har vore nemnt ein mann og ei kona. Når det galdt til skipa ei gard med plass, så vart alltid plassmannen tilvist i ein utkant av garden. Det er då mest rimeleg til tru at garden, sjølv hovudgarden låg der jorda var best, eller at den låg mest sentralt til. Det er ikkje godt til seia kva som var det rette her. Men, truleg har det vore to bruk, når det få år etter ulukka (i 1776) er to oppsitjarar.

Ein Gitle, Kristoffer Simonson (n.frå Stavanger) dp. 13.5.1707 død 1776 var på Mån – mora var Kristi Bjørnsdr. Håland dp. 2.2.1711 vigde 14.3.1734 Seinare flytta desse til Fladebråd. Dei har vore berre ei stutt tid (kring 1739) på Mån, uvisst på kva for eit bruk, men truleg på det bruket som vert nemnd som husmannsplass i 1758. Men Vermund har i alle høve vore på Mån i 1769 for då har han Ingebret Konfirmert 1. oktober, 16 år gamal. Gitle døydde på Fladebråd 4.11.1787, 50 år. Kring 1748 har ein Jon Aslakson, Sleveland frå Helleland butt på Mån, dottera Gyri er fødd på Mån, dp. 3. juni d.a.

Og så er me kone fram til den lagnadstunge morgonen 1. april 1754.

Det ser då ut som Ola Rasmusson og det meste av hans huslyd har vorte borte. Men Vermund har nok ikkje vore ute for noko gale, han bur der for han er

fadder 10. mai hjå Peder Torbjørnson Ekeskog på dottera Siri. Dette var ulukkedagen våren 1954.

Gitlenamnet har vore på Mån – Gitle Fed son (namn ikkje nemnt, død 30. mars 1728, 14 år gml. Og Gitle Fed død 14. sept. 1732. Det må truleg ha vore slektskap mellom dei som budde på Fed og den Gitle Kristofferson på Mån, men som før nemnt flytta til Fladebråd og døde der over 50 år seinare. (1787).

Då Ola Rasmusson og folket hans var borte kom Halvard Erikson Mjåland dp. 28.3.1716, død 1778 og 2. kona dp. som før nemnd 29. januar 1730, død 1785 på dette bruket. Me må hans Åsa Tolleivsdtr. Mån rekna med at det er Halvard som har reist opp dei nye husa etter uhenda. Fyrste gongen var Halvard gift 1740 med Siri Torbjørnsdtr. Brådland dp. 5. februar 1716 død 1751. Til 2. giftarmålet sitt trong han kongebrev då dei 2 konene hans var syskenborn. Siri sin far - på Brådland og Åsa si mor, Ingeborg Bjørnsdtr. Motland var sysken.

Halvard Erikson Mjåland som kom til Mån må me tru, må ha vore ein uvanleg arbeidsam kar. Han fekk reisa opp nye hus – bruka det som var til det av det som snøskreda hadde rive med seg, og flytta til den brygge gode staden den seinare alltid vart der husa for all ettertid vart ståande.

Men fyrste kona, Siri Brådland hadde han dottera, Siri som 19. januar 1772 måtte gifta seg med ein sirdøl, Ola Andersson fødd 1738. Dei har vore på Mån i 1774 då Anders vart fødd den 26. juni. Dei må truleg ha vore der ganske stutt då dei straks for derifrå til Årsvoll i Høgland. Der vart sonen deira Ola eller meir kjend som «Pilt-Ola» fødd. Seinare kom dei til Bakken i Lysefjorden.

Noko før – i 1764 bur der ein Peder på Mån, (kor var han frå?), dottera hans Helga dp. 18. mars 1764 (Fadrar åt henne var: Bjørn Håland, Bjørn Kommedal, Kari Høle, Ragnhild Molaug, Astrid Nøland.)

Så er det spørsmål om Håvar Olson Eikeskog fødd 1751 kom på husmannsbruket, etter Peder i alle fall. Håvar vart gift 18. juni 1775 med Ingeborg Olsdtr. Kommedal dp. 7. april 1753. Dei blei fleire år på Mån, frå sist i 1770 – åra til borti andre halvta av 1780 – åra. 1789 er dei på Slettå under Håland. Endå ei stund til, så kom desse til Espedal – det heiter at Håvard bar stova over fjellet frå Eikeskogholmen og sette ho pp på eit plass han fekk festa der. Der kalla dei han «Håvard på Plassen». Der er og ein Knud som må ha vore der ei stutt tid. Han har dottera, Anna, til dåpen 6. februar 1780. Meir

veit ein ikkje stor om han. Ja, det einaste som rett må vera er det at Knud er den karen frå fjellgarden Øyestøl i Sirdal, som var gift 8. juni 1778 med Berit Vermundstr. Så har dei vorte verande på Mån ei tid, og då Berit vart med barn vart det slik at ho vart heime på Mån til ho fødte Knud sitt barn februar 1780. Stutt tid etter, gjerne sumaren 1780 har dei teke opp den bratte Austmannsvegjen og kome fram til Knud sin barndomsheim, og gard. Det var eit liv i fjell og mellom fjell.

Og så hender det han Tore Toreson Espedal dp. 28. november 1756, gift 18. april 1784 kjem til Mån. Kona var Marit Gunnardtr. Og skriva til (Nedre) Espedal. Men tradisjonen seier ho var ikkje derfrå. Dei var to systrer kringom – ei Joren var i Espedal. Dei sa de var av det såkalla «Fingerlausslagje», Marta fekk ikkje lang levetid – ho fødte Tore ein son, og kalla Tore , dp. 19. september 1784, han var fødd på Mån. Året etter at Marit død, gr. 7. august 1785, 28 år gammal. Mellom fadrane på Tore i 1784 finn me Ingeborg Mån, Håvar Olson frå Eikeskog si Kona.

Det vart sagt at Tore fekk seg gard på Mån. Men så hende der noko. Den 1. mars 1789 er der ein gut Ole dp. 1. mars som er Tore sin son. Og her, er Håvar Olson sjølv til finna mellom fadrane. Så her må vera meir enn venskap. Eller har Tore og Håvard butt under same taka? Slik ser det ut at desse har hatt eit langt større samhelle enn hjå Halvor og sonen Eirik som har sete på den største (?) gardparten. Elles var Halvar Erikson død i den tida – han døydde hausten 1778, gr. 20. sept. Sk. 10. februar 1779. Kona – den 2. åt Halvard Erikson, Åsa Tolleivsdtr. Død 1785, gr. 29. mai.

Det kan nemnast at Tore Mån har vore fadder hjå Håvar, men ikkje hjå Erik Halvardson.

Det kan vel ikkje vera tvil om at Tore Toreson Espedal må ha hatt det eine bruket etter som det syner seg på eiga som er gjort opp etter kona hans. Marta Gunnarsdtr. Skifte dagsett til 10. januar 1786. Det står slik i skiftet: «Aar 1786 den 10. januar blev lovlig Registrering og vurderingsfôrretning føretatte paa Gaarden Moen i Hølle. Skibrede efter afdøde Dannequinde Marthe Gundersdatter eneste son Thore Torson 1 aar gammel. Niels Espedal fordrer 5rdr. Joren Espedal fordrer udlagt 5 rdr, Joren Espedal fordrer udlagt 5 rdr. Eiga er på 101 rdl. 1 ort 18 skill.»

Korleis Tore kom frå Mån veit me ikkje, men derfrå bar det til Botnehagen (Strand) for ei stutt tid. Men der treivst han ikkje. På Mån lika han seg. I

Botnehagen har han hatt med seg sonen, Tore. Meir om den sonen, Ole fødd 1789 veit me ikkje noko om. Men anten må det ha vore ein gjenta han har fått denne sonen med og som har fare derifrå – det er det ikkje råd til å få tak på. Men på Botnehagen var han ikkje lenge. No fann han fram til ein ung husmannsjenta på Fossan landet, Marit Knutsdtr. Med henne kom han til Espedal kring 1792, ja før vigjinga hadde han kona frå Strand. No fekk han seg plass til hus ikkje langt frå der Håvar, hans ven og granne frå Mån budde.

Men det var ikkje Espedal me skulle fortelja om. La dette vera nok, og la oss heller komma attende til Mån.

Der var Hallvard Erikson Mjåland (tip,tip oldefar) og 1. kona hans, Siri Bråndland. Dei hadde ei dotter Siri som vart gift til Flatebråd. Men så vart det attgifte på Hallvard, og då fall augo hans på den 15 år yngre gjenta, Åsa Tollevsdtr. F. 1730, dei vigde 30. januar 1752. Ikkje lenge etter – eit år hadde dei sonen Tolleiv.

Det hadde seg slik at Åsa si syster, Marit var heime på garden, på Mån og Ola mannen. Så kjem ulukka, og ingen nærmare er til garden enn Åsa som og har sin barndom her.

Halvard og Åsa får 4 born:

- | | | | |
|------------|----|------|------------------------|
| 1. Tolleiv | f. | 1753 | død som barn |
| 2. Erik | f. | 1761 | meir om han som brukar |
| 3. Tolleiv | f. | 1763 | meir om han som brukar |
| 4. Siri | f. | 1769 | |

Hallvard døydde på Mån i 1778, og kona, Åsa døydde og der, 1785, 55 år gamal. Erik som var den eldste av dei som levde opp skulle ha garden. Han var ung, og det vart sagt at han var svært vakker, tjuge år gifta han seg 13. mai 1781 med syskenbarnets sitt, den åtta år eldre Gunnhild Ådnesdtr. Mjåland, fødd på Nødland og Siri Eriksdtr. Mjåland.

Gunnhild og Erik budde fyst på Mjåland slik som foreldra hans hadde gjort. Men då mor hans døydde i 1785 flytta dei til Mån ikkje lenge etter. Dei tri første borna var fødde på Mjåland – dei andre på Mån. Mens Erik heldt seg på Mjåland greidde dei seg best dei kunne heime hjå foreldra hans. Broren Tolleiv som var eit par år yngre enn Erik var alt 22 år då mora døydde, og han hjelpte seg så godt han kunne. Elles så fekk han hjelp og råd av dei andre vaksen som

måtte vera for hand. Elles så var bror hans ung og sprek der han stelte med garden på Mjåland, berre 24 år og hadde alt 3 born.

Borna til Erik og Gunnhild var:

1. Seri dp. 6.10.1785 f. på Mjåland, død lita
2. Seri dp. 5.10.1782 f. på Mjåland, g.14.6.807, med Ola
Toreson Eikeskog
3. Peder dp. 2.10.1785 f. på Mjåland, meir om han seinare.
4. Halvard dp. 8.11.1789 f. på Mjåland, g. 11.6.1815 med Kristi
Asbjørnsdtr. Kommedal
5. Åsa dp. 8.7.1792 død på Mån 30.09. s.å.
6. Gunnhild dp. 8.12.1793 g.7.6.1817 m. Sven Asbjørnson Eikeland,
Desse reiste til Kvitsøyfyren. Men ei dtr. deira vart gift med Nils
Tostenson Espedal, og dei budde i Espedal.
7. Berta (i k.b. står Åsa) dp. 28.3.1796, død 30.09.1798, 2 år gml.
Småkopper.

Så døydde kona hans Erik, ho Gonel som de sa - grl. 27. januar 1871, 58 år gml. Det var sorg på Mån, og mann og 4 born var ei god mor forutan.

Det ser ut til at Erik Halvardson ha hatt Mån ei tid åleina, Kring 1790 – 1797 og 1800 – 1810/12.

Då Tolleiv gifte seg – Kring 1797 kom han til og verta på Mån. Sidan kona hans var frå Høyland (no Sandnes) har dei vorte vigde der. Dei er då ikkje så unge, Tolleiv 33 år og Marta Olsdtr. som var frå Leikvam (Levang) var ein god del eldre, 38 år. Men dei får 2 gutar:

1. Halvard dp. 22.4.1798 han er fosterbarn hjå Peder Gunnarson
Østabø i 1801. Halvar vart konfirmert 8. oktober
1815, 17 år, gift 1820, og vigd 9. juni 1822 med Anna
Kristina *Håreksdtr.* Breiland (i Åseral). Dei budde på
Østabø, hjå Peder Gunnarson og sonen Gunnar
Pederson. Åseralgjenta hadde kome til dalen som
gjenta, taus og vart så gift med Hallvard. Dei har
visstnok ikkje vore buande på Mån. Hallvard døydde
ung – i 1828, då hadde dei flytta frå Østabø.
2. Ola dp. 27.10.1799, voks opp hjå farbroren, Erik på Mån.

Desse to brørne vart tidleg foreldrelause. Mor deira, Marta vart gravlagt 19. januar og far deira, Tolleiv Gravlagd 2. februar 1800. Ola var ein arbeidsam kar, livleg og full av moro. Han kom som ganske ung ned til Kommedal som dreng og var der i mange år. Til det det bar så til at mannen han var dreng hjå, Bjørn Tobjørnson frå Eikeskog døydde 5. november 1826, 40 år gammal. Då var det ikkje lenge etter før enn enkja Gurå Torgersdtr. Kommedal gifta seg med drengen sin, Måna – Ola, vigde 4. juli 1829. Dei hadde ein son, Tolleiv dp. 13. november 1829. Han var ganske ung, 21 år gift 2. juni 1850 med Jorina Torjusdtr. Handeland (Sirdal) 20 år, taus i Kommedal. Desse reiste til byen og kjøpte jordstykke i Skankeholen, seinare fekk dei seg hus i Lervik og Tolleiv hadde jekt og førde ymse. Dei hadde 7 born. Tolleiv døydde 1916 og Jorina 1909.

Men tilbake til Ola Tolleivson frå Mån som vart gardmann i Kommedal. Han fekk den eine sonen som nemnt. Og så er det den varme fine sumardagen (i 1846) dei skipar seg til og fer i veg på lauving. Han har sonen, Tolleiv med seg, har er 17 år gamal. Elles er det dei to stesønene, Torgeir og Torbjørn. Dei hadde ordna seg såleis at Torgeir og Tolleiv skulle opp og hogga av, mens Ola sjølv og Torbjørn skulle vera nedunder og lauva av. Arbeidet var godt og vel kome gong då Tolleiv uvarleg løyste ut ein stein. Med hopp nedover kom den så til treffa Ola, faren hans i håve, og slo det sund så heilen skvatt ut og Ola var død med ein gong. Ola seig ned på flekken og var «klar med sama». Sorga var stor, og dei var heilt avmektige alle tre gutane.

Bertil T. Kommedal har skildra denne hendinga særst levande og klårt i sine nedskrivingar frå garden som er sers pålitande, må me tru.

Så er Erik Halvardson åleine som brukar og gardmann på Mån – den to år yngre broren hans, Tolleiv og kona Marta var døde (1800), og han var med husfolket sitt att, og hadde som nemnt brorsonen, Ola i huset sitt. Han var foreldrelaus berre halve året gamal. Dessutan hadde han hjå seg ei ung taus, syster av brorkona si, ho Berta Olsdtr. Levang, dp. 2.9.1775. Det var stor stas med henne vart sagt, og ho kunne gjera eit arbeid som ingen andre, ho var reint ut makelaus, den gjenta. Ho hadde vore på Mån då systera levde , og så vart ho der sidan.

Så går åra – livet på Mån går sin vante gong. 14. juni 1807 gifter eldste dottera Seri seg med Ola Toreson Eikeskog, og med to månar etter kjem fyrste barnet – ein gut som år namnet Tore dp. 30. august. 2. sonen Erik er fødd 4. september 1810, og han vart gift 2. juni 1846 med Berta Ansteinsdtr. Virak, ho var utflytta frå Bakke 6. april 1846. Desse budde på Eikeskog. Deira eldste son Annas må vera fødd og døypt i Bakke for han finst ikkje under døypte i Høgsfjord Kyrkebok – han var fødd 1850. Meir om han seinare som brukar på Mån.

Men sorg og sut og sjukdom er mennesket sitt fylgje, og dei på Mån fekk og røyna det. Kona hans Erik, ho Gonel var ikkje så bra, og midt i januar 1811 for ho frå dei. Dei hadde gravferd på Mån 27. januar det året.

Nå var Eirik enkjemann og 52 år. Han hadde 3 av borna heim hjå seg: Peder (de sa berre Per f. 1785, Halvard f. 1789 og Gunnhild f. 1793. Elles var det brorsonen, Ola som var i 12 årsalderen. Men så hadde han tauså Berta Olsdotter og det kom vel med. Ho var noko tilårskomen, 36 år i det belet han vart enkjemann. Han greier seg ikkje utan henne, og sprek og livsmota han er, så går han i seng med gjenta som vert med barn. Eldste sonen er på farten til Kommedal, han vil ha tak i Marta, dotter hans Torger Kommedal. Marta er ei ung høgvaksen gjenta, og er svært glad i den sterke, vene Månaguten, Per som er 26 år gamal. Marta er 21 år. Dei vil gifta seg, dei avgjer det til tida mellom vinnå og slåttan, og det hastar ikkje for sonen, han Per. Dei gifter seg 14. juni. Men verre er det for faren, Erik går der og dei andre veit kva som gjort er av han. Berta tauså går tung og det må gifting til, Erik vil ikkje finna seg i det at folkesnakket skal halda fram.

Det lid på tida, graset får vaksa, og dei har fått frå seg bryllaupet i Kommedal, og så vert det eit lite lag på Mån av dei nærmaste, og kan bryllaupet stå, 6. juli (1812). Joledag ligg Berta i barnseng og føder Erik ein som får namnet Erik, døypt nyårsdagen 1813.

Me kan tenkja at det var eit vågespel, det til taka ut med ein vekegamalt barn so lang veg som frå Eikeskog til Høle. Veret må ha vore særleg bra, men i tida var det berre nokre dagar etter fødselen at dei døypte dei. Me kunne tru at det har vore ein sprek ungp prest på Mån og kristna barnet, men og det er lite truleg. Sidan me ikkje anna veit, så må me tru dei har vore til Høle, i kyrkja med barnet. Tore Håland, Halvard Mån (bror til dåpsbarnet), Nils Breivik, Kristi Kommedal, Kari Høle og Joren Eriksdtr. Brådland var fadrar, så etter dei og døma må dei vore på Høle.

Sonekona Marta går og med barn, så no kan det verta folksamt på Mån. Og så er det fødsel på garden att, 28.mars (1813) føder Marta ei gjenta som får namnet etter farmor si, ho Gonel. Men barnet døyr fyrst i august, likferd 7. august. No set dei to unge utan det kjære barnet som kom. Men det kjem ei ny dotter Gunhild dp. 18.9.1814. Og hjå den «gamle», Erik kjem det eit par månar etter sonen som får morfars namn, Ole, dp. 8. november (1814).

La me heller sjå dei borna Erik og Berta får oppsette som dei frå Eriks ekteskap med Gunnhild Ådnesdtr. Frå Nødland;

1. (8) Erik f.25.12.1812
2. (9) Ola f.09.11.1814
3. (10) Gunhild f.20.03.1817 fødd på Mån.

Der vart mykje småborn på Mån, på dei to bruka. Sonen, Per (Peder) har desse borna – det er med Marta frå Kommedal.

1. Gunnhild f.28.03.1813 grl. 07.08. s.å.
2. Gunnhild f.12.09.1814 g. 04.11.1850 med Aslag Mauritson Fed f. 1804, død 1867, 16. mars. Dei var barnlause.
3. Torger f. 07.01.1817, gift 07.05.1848 med Gunhild Halvorsdtr. Kommedal dp. 19.03.1819. Torger døyde på Løland 27.10.185?
4. Seri (na) dp. 28.10.1819, død på Leikvoll 15.02.1892, gift 1854 med Rolleiv Gunnarson Regevig f. 05.03.1820. Han kom som ung til Gilja der Seri i dei tider må ha vore tjenestejenta.

Peder (Peter) Rolfsen som har skrive den litle boka, «Maaen – slegten», er son åt Seri(na) Mån og Rolleiv (Rolf) Regevig. Han skreiv at Rolleiv då var «enkemand for anden gang» og hadde ein 12 års son, Wilhelm Gabriel. Han og Seri flytta frå Gilja etter stutt opphald, og vart den lengste tida seinare bunde på gard på Leikevoll i Randaberg som han kjøpte 1868 for 5500 spd. («Fuglellies gaard»). To år seinare selde han Giljaland under Hetland prestegard for 2300 spd.

Seri(na) Mån og Rolleiv Gilje som han skreiv seg for, hadde 3 born:

1. Marta Marie f.1005.1855, g. 1878 med styrmann Karl Svensen Haaland, ho døde 29.06.1880, etterlet seg ei dotter som døyde 2 månar etter mora.
2. Peter f.06.11.1857, g. 1881 med Dorteia Jonasdr. Nødland. Barn?
3. Ingvald f.25.08.1861, uteksam. Tveit landbruksskule 1882. Stutt tid etter vart han sjuk, og døydde 15.06.1889.4. ?
- 5.Erik f.09.08.1822 var den yngste og siste sonen Marta fødde. Han vart gift 23.06.1855 med Serina Toresdr. Håland dp. 03.02.1832. Serina døydde vel 3 veker etter ho fødde ein gut, som fekk namnet Erik, dp. 12.07.1857. Ein foreldrelaus gut hadde dei då på Håland for Erik døydde før sonen var fødd, 05.12.1856. Erik Erikson f. 1857 voks opp hjå morfaren sin på Håland, og flytta frå Håland til Stavanger i 1873 (1877) er oppgjeve i kyrkjeboka. Ikkje nemnd på Håland i 1875. Då Erik om til byen tok han til i bakarlæra, og vart seinare vognmann, og gifte seg med Rakel Olsdr. Molaug (12 år 1865) Ho var dotter til Ole Knudson Molaug og Gunnhild Olsdr. frå Mo sokn i Fyresdal.

Og så kom kona hans Per Mån, *Marta i barnseng mars 1826. Det hadde vore så underleg ei tid utover vinteren, for henne. Men det var ingen som tenkte det skulle bera så fatt til som det gjorde. Etter ho hadde lege slik og stritt i dagavis – mest ei veka døydde ho utan å verta forløyyst med barnet. Ho døydde 20 mars 1826, 37 år gamal. Dei sto kring senga, dei hadde vorte bodsende dei som skulle vera kunnige mellom konene i dalen. Det var så fælt for henne og ingen kunne hjelpe.

**Marta Torger Kommedal og Gurå Bjørnsdr Fraffjord si datter var moster til Berta Serina Knutsdr. Haukali som var farmor hans far. Mikal G. Mikkelson i Espedal. Besta Serian hadde ei yngre syster som hette Marta og som hadde same namnet som henne. Merkeleg, Berta Serina si dotter, Gurina døde i Kommedal, ikkje forløyyst. Det var i 1870, med 2. barnet.*

Men tida går – og det vert ei råd under stove taket hans Per. Han får ei rydja til kvinna åt seg, det ber mot jol i 1828, og det er ikkje greitt til vera Per. Og så vert det den nye «husfrua», Ragnhild Osmundsdr. Rage, ei ferm gjenta fyrst i 30-åra. Du for eit val han fekk teke. Og så viser det seg bortpå nyåret då snøen som verst ville stengja til alle vegar og isen vert sterk på alle vatn, og frosten smell i veggene – då går Ragnhild med barn. Den fyrste er no vel avsyrgd, det er alt på 3. året sidan Marta for frå dei. Men Per er hemmeleg denne gongen, kviskrar dei som veit det, men han seier far sin til, han har vore i same situasjonen sjølv. Ja dei repeterer sakte Erik då han andre gongen steller seg likt sonen. Men det vert no Ragnhild, og dei gifter seg på Mån, finaste sumartid, 20. juni 1829. Eldste sonen, Torger har hatt fela, og er så god på den, og 12 åringen dreg opp springaren, og dei trør dansen på Mån – den ljose sumarnatta i det herrens år 1829.

I september kjem barnet, ei gjenta som får namnet etter fyrste kona, det er ein regel som ingen vanleg går utanom. Det 6 barnet hans Per.

Per og Ragnhild sine:

- | | |
|-----------|--|
| 1. Marta | f.25.09.1829, til Stavanger 03.04.1856 |
| 2. Anna | f.18.05.1832 |
| 3. Osmund | f.13.03.1835 |
| 4. Peder | f.18.09.1838. |

Den eldste av desse, Marta vart gift 1854 med Peder Toreson Fladebråd u. Brådland, dp. 21.12.1827. Peder var evnerik, og presten tok han ut til omgangskulelærer. Men han flytta til Stavanger der han hadde ein privatskule. Dei hadde 2 døtrar, men den ein døydde – berre ei levde opp. Marta døydde stutt tid etter, og då reiste Peder til Stord og tok Lærarskulen, gifta seg oppatt med ei frå Eigerøy, fekk 6 born, og emigrerte til Nord Dakota der han var lærar og medhjelpar i kyrkja. Han døydde i 1901.

Anna, eller Ane som dei sa reiste som ung til byen, der vart ho gift med smedmeister Ommund Tjensvoll. Dei fekk fleire born. Kring 1872 reiste dei til Amerika.

Osmund f. 1835 (død i Kommedal 13. mai 1870), gift 21.04.1869 med Ane Tolleivsdtr. Kommedal. Osmund skulle hatt heimegarden på Mån men sidan kona var frå Kommedal, og Osmund var særst fin hendt vart det til at han tok til

med litt snikkararbeid – det hadde så vidt byrja på Molaug i dei tider. Men Osmund vart ikkje gamal, han døydde eitt års tid etter han gifta seg. Hei hadde ikkje born. Enkja etter Osmund, Ane vart så attgift med *Njål* Levinson Eikjeland (Espedalen) som hadde eit lite gardsbruk på Osaheiå u. Helle og elles dreiv myllebruk. Dei hadde to døtrer, Osmunda og Laurine, då *Njål* var død flytta Ane til Stavanger, og hadde dei to gjentene med.

Så var det den yngste av Per Mån sine:

Peder (eller berre Per, som dei sa) dp. 18. september 1838 som før nemnt (død 1917) vart gift 10.06.1862 med Kristina Halvardsdtr. Kommedal. dp.

05.10.1830. Peder var svært utferdshuga, og kona tykte så om Kommedal at til Mån ville ho ikkje. Dei budde heller ikkje på Mån, men dei for til byen der han tok til i timmermannsarbeid. Bygde seg hus i øvre Banegate. Kristina døydde i 1890. Reiste til Stavanger 1869.

Erik Halvardson har hatt bruket fram mot 1840. Kona levde og var god til helsa, og Gunhild, yngste dottera var 23 år og heime med foreldra. På det andre bruket var det sonen hans, Erik – han Per og andre kona Ragnhild som var i huset. Med hans hjelp (Per's) har dei så hjelpt seg utover åra. Erik var likferd etter sist i september 1840. Han vart 80 år, og hadde vore ein vel nyrd og lika kar i dalen og grannelag. Men Per vert til års, og han vinn ikkje vera med i arbeidet, slett ikkje vinn han meir enn over sitt eige, han er nære dei 75 og alderen tek sitt. På dette bruket kjem det så nye folk med di ingen etter Per overtek bruket, den siste dottera, Gunhild f. 1814 vert gift 4. november 1850 med Aslak Fed og flytter der inn. Ho var så glad då han Aslak kom og ville ha henne. Ikkje ung lenger var ho, men for god til gå lenger, tenkjer han Aslak på Fed.

Den yngste, Gunhild levde ugift, ho var som før nemnt fødd 1817. Ho og mora som skulle ha folga av garden budde der på bruket. Det er våren 1859, då kjem det ein sterk kar frå Giljabrekkå, Omund Omundson fødd 1821, han hadde som ung vore dreng på Mån og treivst godt der. Han var trulova, og 30. desember 1859 gifte han og Ingeborg Pedersdtr. Nødland seg. Omund var son av Omund Ingebretson Østabø og Berta Torgersdtr. Desse slektsrøtene gjekk langt att i tid – sidan – Vermund på Mån i 1750 – åra kom til Østabø, med sonen Ingebret (49 i 1801), og gift med Seri Omundsdr. Østabø. Sonen deira, Ommund (21 år 1801) kom til Giljabrekkå, vart gift 24.06.1806 med Berta Torgersdtr. (Kor var

ho frå?) som alt nemnt, og sonen deira att var det då som kom til Mån. Dei ba han koma, då det var så vanskeleg ei knipa dei hadde kome i med at alle dei unge gutane som hadde vokse opp på Mån siste 30 – 40 åra alle var farne derifrå. Omund og Ingeborg hadde fleire born.

1. Ola Andreas fødd på Mån 13.02.1860
2. Berta Gurina fødd på Mån 04.08.1863 d. 27.03.1870

Men garden på Nødland der Ingeborg var frå vart råd til koma inn på, og dei for frå Mån. Ingeborg lengta heim, og Omund står heller ikkje så fast, han som hadde vore van i den bratte Giljabrekkå og sett ned på Giljagardane. Dei fekk eit par barn til på Nødland i siste halvpart av 1860 – åra.

Men på Gilja var det ein kar, ein husmannsson, Åsel (Assen) Mauritsson (47 år i 1865) fødd 24.01.1821 av foreldre Maurits Asserson Ritland og Adlaur Tormodsdr. Gilja (Garen) som kom til Eikeskog – gjerne som dreng på Mån, og han vart i august same året (1863) gift med Serina Olsdr. Eikjeskog som var 40 år gamal. Mor hennar, Seri Eriksdr. frå Mån, fødd 1782, dotter hans Erik Halvardson var nett død då, 6. juni (1863) 80 år gamal. Ho fekk ikkje oppleve at dottera kom til hennar barndoms gard – på Mån.

Åsel fekk kjøpa garden for 380 spd. Og det var tinglyst skjøte frå Osmund Pederson, som i framtida hadde tenkt til overteke bruket og butt der. Men så vart det som me veit ingen ting av. Skjøte til Åsel, tinglese 7. november 1863. Det såg ljost ut for Mauritssonen frå det lille plassen på Garen u. Gilja. Aldri hadde Åsel vore van med å stelt so mange kyr, sauer og geiter. Dei låg i stølen, både den heime og den indre Månastølen sumaren i 1864 og alt var så bra. 1865, i august fekk Serina ei dotter, men ho for 14 dagar etter ho fekk barnet. Dottera fekk namnet Siri – Inger – Amalia. Så sat Åsel att med det morlause gjentebarnet, men syster hans, Gunhild kom opp frå Eikeskog og stelte den litle. Ho var ein god hushaldar. Der var og ei ung gjenta utanfrå Høyland. Olina Torsdr. (21 år 1865). Men så døydde Åsel på Mån den 19. mai 1869, 49 år gamal, og den foreldrelause gjenta vart så oppfostra hjå Taletta Tollefsdr. på Juabakka u. Gilja. Taletta var syskenbarne hans Åsel (Mor hans Åsel, Aslaur Torundsdr. Og far åt Taletta, Tolleiv Torunnson var sysken). Seri Inger Amalia vart der konfirmert 3. oktober 1880 og vart ganske ung gift med Gabriel Jonasson Dyrdal. Dei hadde 4 born: Maria, Jonas, Sigrid og Alfred.

Så var Berta Olsdr. att i huset, og dottera Gunnhild Eriksdr. (Det står om henne 1865 i folketaljinga at ho er «logerende, binder fiskegarn og er ug. og 49

år». Det året før dei på bruket 8 storfe, 20 sauer og 12 geiter. Ikkje liten buskap, og det meste av høyet slo dei i stølsmarkene og i skogane, og på fjellet, i tôrne, ja kor der var noko til å få i «ljåshede», som det vart sagt.

Anas Erikson Eikeskog var så den som truleg alt i 1869, året då Åsel døydde, kom på bruket. Anas var fødd på Virak i Bakke i 1850 og såleis berre 18-19 år gamal. Han var oppkalla etter morfar sin, Anstein Virak. Skjøte frå skifteforvaltaren; Asser Mauritesens dødsbo fekk Anas Erikson Eikeskog tinglese 24.05.1875. Kjøpesummen var 550 spd.

Den gamle enkja levde endå, og ho var til god råd med dei unge. Ho Berta døydde 08.05.1871, 96 år gamal. Ho var namngjeta for sitt gode handelag, og ho hadde premie for fine handvovne ting i Stavanger. Anas var på Mån utover, og syskena hans Berner f.1855, Karina f.1858 og Gunnhild f. 1860 heldt seg på Mån, og alle lika seg der, og seinare kom mor deira opp, etter ho vart enkja, og ho døydde på Mån 15.03. gr. 21.03.1896.

Som me ser, så skynar me at Per Mån (Peder Erikson) sin vilje var at sonen, Osmund skulle ta over garden som han skulle driva og bu på. Denne fekk han så skjøte på i 1858 for 150 spd. Men det skulle gå annleis, ingen Osmund kom til Mån, og Per døydde fyrst i mai 1861, året hadde vore seint og det minka med Per sine krefter. Han hadde vore ein lystig kar i sine unge dagar, det var han som spela i lag og lyd. Denne givnaden hadde sonen hans den eldste fått. Per Mån var då føgemann, og nådde ein alder av 76 år.

Sonen, Osmund kan ikkje ha vore lenge heima, men har fått den unge husmannssonen frå Gilja – garen. Dei måtte hjelpast til som kunne. Og då var det til halda på ætta. Ho som vart Åsel Gilja – garen si kona hadde mor si frå Mån som før nemnt.

Det vart ansleis på Mån då Erik (Halvardson) døydde. Han var ein akta og gild mann. Halvard, faren hadde nok vore strengare, men det milde overfarande laget må Erik ha arva etter mor si, Berta.

Det var likferd på Mån sist i september 1840. Bertil T. Kommedal som har skrivne ned mykje historie frå ôvre dalen fortel om dette. Der var samla folk få heile dalen utanom sjølve Frafjordgarden. Frå Fed til og med Molaug. «Alle var samde om at så bra mann hadde ikkje vore på Mån før og ikkje kom han seinare heller.» Det var store ord om ein dalens mann og granne. I dei tider

laut de like til Høle med liket, så det var lang veg i slike erend frå Mån. Når dei kom frå Fed med lik, laut dei stanna på Mån. Var det vinterstider kunne dei måtta stogga i Kommedal og med natta. Det vart såleis svært tungvint med likferdene, lange og ulendte vegane var dei tider.

Kona hans Erik, Berta (den 2.) var og svært avhalden. Ho levde så lenge og hadde ei god helsa livet ut. Det var ikkje jamt ho på sine eldre dagar kom av garden. Men dei kom langveges frå og såg om henne. Berta levde til 1877, då det vårast og elva smått auka av snøbråen, då skogen så smått tok til skifta let, då var eit langt verksamt liv slutt. Ho døydde 2. mai det året, Berta. Ho hadde yngste dottera, Gunhild hjå seg. Etter den tid var det Anas Eikeskog som slo seg ned på bruket.

På det andre bruket der Per (Peder) Erikson sat som brukar på var den yngste sonen, Erik, Marta Kommedal sin son heime. Denne Erik (Pederson) har vorte skildra som ein sers påliteleg og arbeidsam kar. Han var den einaste av de som var unge på den tiden som ikkje kunne tenkja seg anna enn å verta buande på Mån. Erik betra mykje på både jorda og husa. Over alt var han der og skulle få det slik at det for framtida skulle verta betre på bruket. Han vaks til ein ung og gladværig kar, og heldt seg mykje heime – ja alltid heime. Men han tok seg då ferder – og til Håland bar det og. Der var ei gjenta, dotter hans Tore Toreson Håland («Bjôna – Tore») og kona Kristi Samulsdtr. Fossmark – og gjenta var, Serina, dp. 03.02.1831. Per gledde seg til at sonen skulle få eit menneske med seg, og dette fekk han oppleve. Det vart bryllaup, 23. juni 1855, og den unge Serina kom med si heimafylgja til Mån straks etter. Så gjekk sumar, haust og vinter kom. Dei fekk godt år, og dei unge gjekk godt i lag med dei gamle. Erik tok seg ut så fælt i alt arbeidet har vorte sagt. Det vart ny vår 1856. Erik kjende seg bra, men det var og arbeid som kravde god helsa. Dei bar opp mykje dei tider. Men det tyngste laut dei ta i kløv på øykjen. Endå hadde det ikkje meldt seg nokon små, og Per, faren vart uroleg. Han fekk otte for at der gjerne ikkje vart barn etter sonen som ville vera heime. Men så vert det kjent at barn er under vegg. Ikkje så at heile dalen veit det. Men det dalen veit er at Erik ikkje er heilt frisk. Han skranta utover seinhausten, i 1856, då er han 34 år. Også døyr den lovande, unge Erik på Mån 5. desember (1856). Der var slik ei sorg på faren Per at det ikkje var måte på det. Aldri har han kjent slik ei sorg siga over seg sidan 1. kona, mor hans Erik ikkje vart forløyyst med barnet i 1826 – ho Marta. Og sonen Erik var no mest lik på Kommedalsfolket, det såg han. Den arme, unge kona etter Erik er ut av seg. Ho berre gret og jamra seg, og er ikkje lenger med seg sjølv, og ber barnet som Erik er far til. Ho flytter heim til

foreldra sine på Håland og får ein gut juli sommaren etter, og vert døypt Erik, 12. juli (1857. Men ho får ikkje lang levetida etter fødselen, og ho dør 14. august same året (1857). Så sat dei att på Mån ribba for son og verdotter, Per og Ragnhild. Ragnhild er elles sterk, og rivst ikkje snart med korkje i sorg eller gleda. Ho er helsing og veit ho har tida føre seg. Frisk ho er, og berre vel 60 år. Per vinn ikkje mykje desse åra han har att. Tapet av den glilde sonen vil stela all kraft og von or han.

Men der er sakte dei som vil til Mån, og på Retland har vokse opp ein kar, og no er han vaksen, gifte seg gjorde han 6. juni 1854. Dette er Åsel Sigbjørnson Retland f. 1823, og Kristi Fladebråd f. 1821 (dp. 21.11.1821) Ho var dotter åt Peder Erikson Fladebråd og Seri Torgersdtr. Kommedal (5 år i 1801). Kona hans Per Mån, Ragnhild som var dotter av Osmund Knudson Molaug dp. 30.12.1765, død 01.11.1845. Dei var gifte 13.04.1794. Kristi Fladebråd si mor, Seri Kommedal hadde mor si frå Espedal. Så på den måten var dei to aldrande kvinnene, Ragnhild Mån og Åsel Retland si vermor syskinborn.

Åsel har kome til Mån kring 1858, gjerne i 1857 og - Åsel får auksjonsskjøyta, tinglesen 29.05.1858 for bruket (brnr 1 på Mån) for 250 Spd. Åsel og Kristi sine born:

1. Jorina f.1855 på Fladebråd
2. Peder f.11.04.1857 på Ritland
3. Serina f.30.09.1859 på Mån
4. Severine f.28.05.1864 på Mån, konf. 06.10.1878.

Desse hadde då det eine bruket på Mån, og Åsel treivst godt på Mån. Gjentene var svære til hjelpa til, og sonen Peder (per som dei og kalla han) vart så gift med Sikke Asbjørnsdtr. Brådland fødd 1858 av foreldre Asbjørn Aslakson Brådland f. 1817 og Olina Danielsdtr. Eskeland f. 1811 (i Høle).

Peder rekna med og vore på Mån, men så ville ikkje Sikke til Mån. Ho ville heller til byen og gjorde dei gardabyte med Halvard Pederson. Halvard treivst ikkje der, så for han vart det like bra skifte som det vart for henne Sikke Brådland til koma til Godalen.

Hallvard Pederson frå Østabø må ha vore ein svært vakker mann etter fotografi og døma. Han var fødd 06.05.1858 av foreldra Peder Gunnarson Østabø og Bergit Velledtr. Upstad fødd 1830 i Kylestad. Ho døydde i nervefeber 11.06.1879 på Østabø. Den nesteeldste sonen, Vilhelm døydde i mars same året (1879). Der var ein nervefeber som herja fram og tilbake desse åra, og

mange tok han. Hallvard gjekk heime og var interessert i gardsarbeid og det som hadde med krøtter å gjera. Det skulle vera han som var tiltenkt garden heime, på Østabø. Men så gjorde den eldre broren, Gunnar krav på garden, og Halvard måtte taka ut. Han vart gift i slutten på 1880 – åra. Kona var Inger Aletta Toredtr. Mjåland f. 02.03.1864. Foreldra hennar var: Tore Ommundson Mjåland f. 1831 og Serina Rasmudtr. Dirdal f. 1834.

Det er truleg at Per Mån (Peder Åselson) ikkje har reist frå Mån før etter faren var død, og Åsel (Sigbjørnson) døydde på Mån 26. juli 1886. Då var Per nære på 30 år.

Han og Sikke hadde 3 born: Arne, Anna og Kristina.

Hallvard P. Østabø fekk skjøte på bruket, bruksnr. 1 på Mån, for 2000 kr. Tinglese 31.10.1899.

Og så tok dagen i arbeid til på Mån for Hallvard og Inger. Dei hadde desse borna, alle fødde på Mån:

1. Bergitta fødd 1888
2. Serina fødd 1890
3. Pauline fødd 1892 gift Jensen, Stavanger
4. Tore fødd 1894 gift med Sigrund Haaland f. 1901
5. Peder fødd 1896 død 30.01.1898
6. Albertine fødd 1898
7. Peder fødd 1903

Hallvard var ein svært arbeidsam mann, og han heldt alltid til med noko. Men tida venta på han, og den var til finna i elva ein førsommardag straks innanfor Eikjeskog. Hallvard kom med kløvmerr og i kløva hadde han eit bord som han hadde kome frå Molaug med. Elva rann stor og strid i snøbråen, og uti elva snåva visst øykjen og Hallvard fall av. Han rek ned elva og ingen kunne berga han.

Det var eit syrgjeleg hende, og bodet bar heim til Mån. Men kva kunne dei gjera – Hallvard var ikkje meir, og alt dei leite så var han ikkje til finna. Dei trudde han måtte ha reke like på fjorden. Men det tvila dei på Eikeskog han hadde gjort, og så var det rett nok det, nokon på Eikeskog (truleg Emil Erikson) fiska nedi elva og han så han låg oppfloten i ei evja i ein høl. Hallvard gravlagd 17. juli 1904.

For å fylgja denne huslyden fram gjennom åra så vart det eit strev – ei mor med 6 barn, nokre av dei ganske små skulle greia seg på den einbølte veglause garden.

Men ho greier det med borna si hjelp, og no er dei eldste vaksne, og dei vil ut og få seg til noko. Men endå ein gong gjestar døden huset, den yngste dottera 17 år gamle Albertine får tæring og døyr 23. mars, gravlagt 30. mars 1915.

Det har vorte nok no, Inger lyt i frå staden, trass at dei største tenkjer på å verta. Det vert byen, Stavanger og dertil fer dei våren 1915.

Ja så var det andre bruket, det som var brnr. 2 på Mån.

Dette var det dei eldste husa på. På båe bruka sto stovehusa med kvar sine løder og fjos i ei lån. Mor hans Anas døydde som før nemnt på Mån, ho Berta Austeinsdtr. Kom frå Sirdal – frå Virak, fødd 1822. Når det hadde seg slik kom det seg av at ho skulle vera med sonen i huset. Anas heldt på og verta gamal ungar. Han var dei 46 år og ugift. Men så kom det ei svært vakker gjenta til Mån, syster åt kona i det andre huset – ho Inga Mjåland. Ho var fødd 1879 og berre barnet mot Anas. Men det vart eit par av dei, og dei levde på det eine bruket og fekk 3 born:

1. Berta Kristine fødd 1897, konf. 05.10.1913, død i tæring i Stavanger 1923.
2. Erik fødd 1899, konf. 11.10.1914 på Dirdal
3. Tore fødd 1902, konf. 1917 i Stavanger.

Dei siste åra før 1900 og ei tid etter budde mor til Inger og Inga hjå Inga og Anas. Det var Serina Mjåland. Ho får underhald av born utreiste til Amerika. Anas hadde vore mykje med ungdomen nede i dalen, og der fann sume sakte vegen til Mån. Men alt det ljose og gode har ei sida, og det me vil halde borte har si. Slik går det på Mån – denne gongen gjeld det Anas. Sjukdomen tek han, og han døyr 27. oktober 1902, 52 år gamal. Likferda var den 2. november.

Att set kona, Inga med 3 små barn, den minste, Tore Andreas er halvtårs gamal.

Når dette er skrive om Anas så er det før fortalt kor det bar til med den andre Måna – mannen. Vel 1 ½ år etter. Dei to Mjålands kvinnene set på garden Mån med 9 born. Dette vart snart kjent utover i dei nærmaste bygdene. Men dei gav aldri opp, til det var det nok uvanleg godt to i dei båe to systrene.

Åra gjekk og borna vaks til, og det vart meir borna kunne vera med på. Dei gutane der var sette snarer etter rjupa om vintrane, dei mindre fekk ikkje gå så langt. Gjentene var og på snarefangst.

Dei kunne få opptil 15 – 20 rjuper til dagen, i alle høve han som eldste var, han Tore (f.1894). Rjupa tok Kristian Haaland i mot – han var handelsmann i Frafjord, og sende ei vidare til Melberg eller Guttorm Andersen. I dei tider kunne dei få 90 øre paret for rjupene .

Like til det siste bruka dei stølen. Men så vart det til det at dei to systrene har tenkt på framtida til alle borna sine – på Mån var det berre plass til to. Og så låg garden der veglaus, det var til gå like til Brådland før dei kom på skikkeleg veg.

Med den framgang det hadde vore vart det slik at dei måtte prøva til selja gardane sine. Spekulasjon i vassdrag og vassrettar hadde meldt seg, og her hadde dei den gjæve fossen rett utanføre garden. Og, så ber det til at dei bryt opp dei to systrene med borna – våren 1915, og det ber ned dei bratte kleivane. Dei ser garden Mån liggja der att utan det liv som fylgjer med kvardag og helg, folket i arbeid, og barns leikar. Det bar til byen med Måna-folket.

Det kan vera verdt til sjå på kva dei fødde på dei to bruka. Folketeljinga 1875 gjev eit godt bilete av det.

Åsel Sigbjørnson (brnr. 1) hadde 2 kyr, 4 ungnaut, 20 sauer og 10 geiter. Hest hadde dei i hop på garden, og den fødde dei kvar sitt år – ein unngøyk under 3 år.

Anas (Erikson) på brnr.2) fødde 6 kyr, 3 ungnaut, 24 sauer og 6 geiter. På det bruket Anas åtte vart sått 2 tunner havre og 4 tunner poteter i 1875.

Anas gav rom åt syster si Jorina ei tid, ho var gift med Svein Nilson Espedal og han er «forpagtar» på Mån då eldste barnet hans, Marta er fødd 5. juli 1884. Desse var ikkje lenge på Mån før enn dei kom tilbake til Espedal der Svein kom ifrå.

Dei fekk fleire born, og Svein døydde tidleg i 1890 – åra av tæring – kona og born kom frå garden. Elen Berteia, dotter åt Svein og Jorina var på Mån og gjekk på skule – ho kom til Mån før jul 1894 og var der til ut på vinteren 1897.

1901 har eldste sonen, Nils vore på Mån for som det står i ein formannskapsprotokoll «ungår» skatten kr. 1,86 som han står oppført med. Nils S. Mån står det. (Nils Svenson Espedal f. 1886)

Mån etter avfolkinga.

Husa stod bra etter dei var reiste frå. Men nokre år etter vart dei etter Anas, på brunr. 2 rivne, og det beste vart teke nedtil Eikeskog. Men dei andre vart haldne ved like, like til 1950 – åra. Men då vart det lite gjort, og no ligg løda og fjos nede. Dei datt ned, gamalt reisverk som er makkete let seg snart trekkja av vatn, og vert ikkje dråpar tekne bort så snart dei kjem står gamle hus snart til nedfall.

Postmannslaget har hatt huset i mange år. Dei har det til ferieplass. Men dei er der for lite – langt er det frå bilveg.

Åra etter dei flytta frå vart det nemnt ein sum på 2000 kr. Dei kunne få kjøpt all Mån. Men dei to gutane som var eldst, Tore og Erik for til Amerika, Tore var der i 10 – 12 år, men Erik vart der i 42 år, og kom heim som ein eldre mann. Dei har nok tala mykje om til kjøpa garden att, men det har aldri vorte noko meir av.

Den som verkeleg bruka Mån sidan var Emil Eikeskog då han som nygift med Karina T. Eikeland (Espedalen) hadde den eine Eikeskoggarden midt i 1930-åra og då låg dei på Mån med kyrne eit par sumrar.

I den tida ferdast det ein god del som turistar, som ville oppleva ,»stølsromantikk». Og så vart det skrive om Månafossen – det var mykje snakk om kraftutbygging. Denne fine fossen – i dette vassdraget som det har vorte gjort sterke inngrep i seinare – etter Mån var busett. Men sno skal det gjerne vera råd at Måna og Fossen skal få vera i fred. Tek dei bort vassdraget er eit viktig naturelement borte i ein naturvern og storfelt dal.

Hadde der kome veg inn forbi Eikeskog i tida kring 1905 – 10 så hadde nok nokon sett syn på og butt vidare. Men vegkrav visste dei nok ikkje om kva var opp i dalane – det skulle så vera med vegløysa der. Samfunnet, dei styrande fylgde ikkje godt nok korleis folk i ein utkantgard måtte ha det med sine kommunikasjonar. Og dei fastbuande var så kravlause – alt vart for mykje til be om, sjølv det minste. Men om vegen ein gong vil kome kan Mån atter verta ein fin grøn flate, og med menneske som bur der, godt og trygt.

Mange har vokse opp på denne garden, og sume har flyta til garden. Mange ætter har her sett si tid, og sume har kvorve bort, og ligg i eit gøymsle for ettertida. Dei som seinare har flytta veit me litt om, slik som Åsel Sigbjørnson sine born – dei 3 gjentene og mora Kristi var på Mån eit par år etter Åsel var død, omkring 1887 – 88. Lenge var dei ikkje før ny eigar om – frå Østabø. Dei var unge og i sine beste år borna hans Åsel. Jorina fekk plass som budeia på misjonskule, og der budde Serina og Severina og arbeidet slitt, i kjøkken og vaskehus. Dei var trugne på det arbeidet dei vart sette til. Dei fekk seg til hus i byen, og etter ei tid så døydde Jorina, og dei to yngste var att. Dei vart svært gamle, og sine siste år levde dei på Dom gamleheim i Stavanger. Severina døydde i Og Serina Moen døydde 26. nov. 1957, 98 år gammal.

Seinare stod husa i lenger tid, dei etter Anas var eldst, og dei datt ned, stova reiv dei ned på plassen og tok ned til Eikeskog – det skulle vera til setja i stand nokon hus der. Men løda og stovehuset kom såleis snart bort på dette bruket (brnr. 1)

Husa på brnr. 2 – det etter Hallvard Østebø stod oppe – heile låna (stovehus og løda) inn i 1960 – åra. I dag står kun stovehuset, nevertaket er borte og det er pannetak på. Det er sett til ein ny skut i austre brystvegg. Elles er huset som den tida dei budde fast.

Det er Postmannslaget i Stavanger som eig Mån. Utmarka, og heimebøen har våre beitt av sau frå Sandnes kanten. Stundom har der vore stor krettur og beite. Under siste krigen bygde nokon opp hytta på Månastølen. Den vart «lima» opp av bjørkeband.

Trass at det er endå får etter menneske – så vil alltid naturen – med dei store fjellrader på begge dalsider, og elva som renn gjennom dalen, og fossen utjevna dei dominerande elementar.

Her er storfelt natur, og her kan det godt verta bustad på ny – framtida ligg så hemmeleg framfor og Mån kan endå gje unge med mot og tiltak ein heim.

Velkommen til Mån skal du vera!

Mån 2017

Mye har skjedd på Måen de siste årene. Spesielt etter Frafjord fikk vei utløsning ca. 1966 har der skjedd store endringer. Jæren friluftsråd har overtatt eiendommen og Mån har blitt et attraktivt utfartsområde. Det er opparbeid parkeringsplass på Eikeskog og ny gangvei er opparbeidet på utsiden av Månefossen/elva slik at folk kan se mot fossen når de går opp.

På tunet er der reists opp nytt hus på fjøsmurane, bustadhuset er reparert og der er plass for overnatting til 30 personer. Likeledes er historien om garden fortalt gjennom en utstilling.

